

Spørsmål til forvaltningsplan, Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Førde, Gloppen, Jølster og Naustdal kommunar.

Aurland Naturverkstad AS.

15. mars 2010.

Det vi treng frå dykk er:

- 1. Oversikt over aktuelle kontaktpersonar knytt til ulike tema**
- 2. Kunnskap/grunnlagsinformasjon om kva som er problemstillingar innanfor kvart tema.**

Lista under inneholder informasjonen som kom fram under referansegruppemøtet 14. januar 2010. Under kvart tema står og ei liste over døme på våre behov for opplysningar (kunnskapsbehov) og tenkte problemstillingar, utan at dette er ei utfyllande liste. Vårt behov er å få fram dei aktuelle problemstillingane innanfor området. Her ville det vore fint å få fram informasjon frå dykk. Vi håper òg de kan gje innspel på ev. andre problemstillingar som ikkje er lista opp her.

Landbruk

Frå referansegruppemøte:

Framhald av beite blei framheva som svært viktig for å ivareta verdiar i dette området. Planen lyt skildre kva for utfordringar ein har i høve beite. Konkrete innspel her:

- ynskje om fleksible løyper for utkøyring av saltstein
- fremje samarbeid kring transport – (eks. røde kors og småfenæringa)
- må ikkje avgrense talet på beitedyr, då hovudutfordringa er å få godt nok beitetrykk
- behov for ein definisjon av omgrepet "kulturlandskap", slik at ikkje tidlegare viktige beiteområde fell utanfor.
- vil det vere mogleg å gjennomføre sprenging for å unngå skårfeste på særleg utsette plassar?
- Ang. hogst: Det lyt takast inn nokre generelle føringar for hogstplanar. Hogst vil m.a. kunne verte aktuelt i Traudalen og i Instedalen (plantefelt). Tema avvirkning av gran bør takast opp i planarbeidet

Kunnskapsbehov:

- tal og data frå kommunane knytta til hogst, beitebruk
- tilhøve/behov ved beiting: t.d. gjerder, bruver og kortare leiegjerde, master for elektroniske bjøller
- ev. husbehov knytt til landbruksdrift
- Rydding av stølsvollar-aktuelt?

Utmarksnæring, jakt og fiske

Frå referansegruppemøte:

Hjort og villrein lyt omtalast i to særskilde underkapittel. Utfordringane og forvaltinga av desse to storviltartane er ulike. Viktig å omtale konflikta mellom villrein og stinett. Spørsmålet kring utsetting av reinsdyr for å syte for genetisk variasjon i villreinstamma bør omtalast. Døme: sjå forvaltingsplan for Jotunheimen.

Om fiskestellstiltak. Ang. vassdragskalking. Planen bør diskutere temaet kalking og evt. sei noko om moglegheita for nye kalkingsprosjekt. Fisketiltak er viktig for å auke verdien av området både i høve friluftsliv og i høve næring. Aktuelle tiltak: kalking, prøvefiske, vassprøver, utfisking av "overbefolka" vatn, utsetting i vatn med svak bestand. Trangen for motorferdsle i samband med skjøtselstiltaka lyt gjerast greie for i planen.

Kunnskapsbehov:

- data fra viltansvarlig i kommunene
- kva vatn er fiskevatn?
- går det føre seg kultivering i fiskevatn?
- Spesielle utfordringar mot storvilt (hjort eller villrein) eller småvilt?

Friluftsliv

Frå referansegruppemøte:

Tilkomstvegane er viktige her. Her kan det verte (som einaste tema) høve til å kome med tilrådingar utanfor vernegrensa i form av informasjonsoppslag, evt. tilrettelegging for parkering og merking/utbetring av stiar inn til verneområdet. Viktige utfordringar som kom fram:

- Det kan oppstå konflikt mellom parkering og beitedyr (gnaging på bilar), kan løysast ved utegjerding av parkeringsplassar.
- Tilrettelegging for parkering for utøvarar av friluftsliv bør vere eit offentleg ansvar.
- Planen bør omtale praksis for drifting av evt. tilrettelagde parkeringsplassar (ansvar/godtgjersle).
- Forslag om at det vert laga ein skiltmal. Samordning med andre verneområde. Kan verneområdet få sitt eige merke/logo?
- Einskilde stølsvegar er uframkommelege og det er ynskje om utbetring for å betre framkomme til fots og for storfe. Nokre vegar har problem med steinras, gjerne med grove massar. Det er vanskar med å få inn veterinær (i Breiddalen) pga. uframkommelege stiar. Spørsmålet kring bruk av minigravar for å løyse dette vart reist.

Det vart diskusjonar kring tema bruk av hest (og sykkel) i verneområdet. Diskusjonane hadde sin bakgrunn i kap 4,3 i verneforskrifta som seier at traséar for organisert bruk av hest lyt fastsettast i forvaltingsplan eller på anna vis godkjennast av forvaltingsstyresmakta. Det er trong for å definere kva "organisert bruk" vil seie.

Det er ikkje vintermerking (kvisting av skiløyper) i området i dag. Referansegruppa meiner det heller ikkje er trong for dette. Ein bør diskutere kvisting av skutertrasear for å kunne nytte same trase for alle turar i same område. Når det gjeld jakt og fiske som friluftsaktivitet kan ein vise til kap. 3.2.

Kunnskapsbehov:

- Trong for regulering av ferdsle?
- Bruer og kloppar-behov?
- Tilrettelegging-behov?

Reiseliv

Frå referansegruppemøte:

Aktuelle tema under denne overskrifta er m.a. opplevelingsturisme og stølsutleige. Kapittelet bør omhandle "bruk av vern". Det vart poengtert at opplevelingsturisme kan setje krav til betre standard på stiar. Dette tema bør takast opp i planen. Det er interesse for turguiding i området (også frå bedrifter som ikkje er tilknytt grunneigarar). Forvaltingsplanen bør gje nokre retningsliner for slik

verksemdu. Helikopterturisme bør og omtalast, m.a. kan det vere trøng for å setje minimums overflygingshøgd.

Er det mogleg å omtale prisnipp for bruk av verneområdet i marknadsføring? Eigne turkart vert nytta i samband med marknadsføring av reisemål i nærleiken, Jølster og Gloppen har til dømes produsert eigne kart.

Kunnskapsbehov:

- Tak for storlek på turgrupper (t.d. ved camp ved Byrkjeneset)?
- Forbod mot einskilde aktivitetar, særskilt i samband med vern av villrein (kiting, vindskjermar)?

Transport og motorisert ferdslle

Frå referansegruppemøte:

Tema handicap og motorferdsle bør verte omtala (sjå døme frå Jostedalsbreen n.p. og Jotunheimen n.p.). sjå elles over, under "om landbruk".

Kunnskapsbehov:

- Problemstillinger m.o.t. transport i samband med
 - salt til salteplassane
 - material til gjerder og hegner
 - transport av felt storvilt
 - transport i samband med fiske og fiskekultiveringstiltak
 - Kvisting og merking av løyper
 - vedlikehald av bruer og klopper
 - transportbehov til bygningane i området, både knytt til bruken, frakt av ved og proviant inn og avfall ut, og til bygningen i seg sjølv, til dømes til vedlikehald
 - hjelpekorps
 - Forsvaret
 - kraftselskap
 - oppsyn og forsking
- behov for skilting?

Vegar

Frå referansegruppemøte:

Ang. løyer til traktorvegtraséar; planen lyt vise til kva anna lovverk ein lyt forhalde seg til, og kor ein lyt innhente løye i tillegg til dispensasjon frå verneforskrifta. Dette lyt også kome fram i kapittelet om sakshandsaming.

Kunnskapsbehov:

- Ønske/behov for tilkomstvegar til stølar og hogstområde – spesielle utfordringar/omsyn?
- Vedlikehaldsbehov?

Bygningar

Frå referansegruppemøte:

-som for vegar – merk at ein lyt innhente byggjeløyve hjå kommunen som i vanlege byggesaker. Planen bør omtale sakshandsamingsprosedyrar og freiste å gjere løyesøking så enkel som mogleg, helst slik at søker berre treng å sende inn ein søknad som kan ligge til grunn for handsaminga både i høve vernereglane og i høve andre regelverk.

Kunnskapsbehov:

- Kor mange bygningar finst i omr?
- Hva slags bygningar finst i omr?
- Kor ligg desse?

Kulturminne

- Andre kjelder enn kulturminnedsabsen Askeladden?
- Finst det lokalkjente med gode kunnskaper om dette?